



Spar Uskedalen har fått betre oversikt og større utval. Her vandrar ein av kundane, Betty Sunde, mellom dei "nye" reolane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Har det vore orkan har inne i butikken og, undra ein av kundane som kom til Spar Uskedalen i byrjinga av denne veka. Men det hadde det ikkje - "Spar i ny drakt" er i høgste grad ein kontrollert operasjon. Fredag blir det som er skjedd markert med kaffi og kaker til kundane.

- Det er heile tida moglegheiter for forbetring av butikken og det er det vi strekk oss etter. Vi ynskjer å ha ein butikk som er så funksjonell som råd er for kundane våre.
Det seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no om det som er skjedd. Det inneber ei drastisk omkalfatring – tykkjer mange.

Kva er det så som har skjedd?

- Det har nesten vore ein orkan. Den har gjort det meir oversiktleg for betjening og kundar.. Til dømes kan vi no sjå heilt frå kassa om nokon treng hjelp ved varmedisken i andre enden av lokalet. Reolane har vorte stuttare og dei er til dels snudd. utdjupar Gunn Mari Moberg.

Varesortimentet er utvida og varene er plassert andre stader enn før etter ein mal dei har fått av SPAR. Butikken har totalt sett fått meir plass. Den er til dømes nytta til eit utval av meir og spanande mat frå utlandet – i fleire variantar. Oliven og chili er her to stikkord.

Det er og meir plass enn før for mat til kundar med allergi. Men det bør ikkje stoppa der. Vi ynskjer heile tida hjelp frå kundane. Så gjer vi det vi kan for å stetta behov, seier Bente og Gunn Mari.

- Og så blir det meir blomar enn før?

- Jau, vi har skifta leverandør og det gjev ein langt betre kvalitet og oppfølging. Den nye leverandøren er innom og fyller opp blomestativet to gonger i veka..

Av Ola Matti Mathisen